

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Stårheim kraftverk i Eid kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 07..05.2015 og til sakspapira som vi har fått tilsendt av søker..

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Stårheim kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/midtrenordfjord/> området vert også brukt av andre Turlag.

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Lokalt er vegane på begge sider av Stårheimselva brukta til nærturar. Utbyggjing vil redusere opplevinga noko, men ein trur ikkje denne konflikten er stor.

### **Kommentarer til utbyggingsplanene/turlaget sitt syn på søknaden.**

#### Stårheim kraftverk

Her vert søker om eit elvekraftverk der 214,5 m høgde vert nytta i 2750 m langt tillauptsrør med diameter 1 m. Røret vert gravd ned. Minstevassføring det søker om er lik alminneleg lågvassføring. Utbyggingsprosjekt er beregna til kr 3,13 pr KWh. Produksjonen årleg middel 10,65 GWh.

Ein registrerer slukeevne på 200%. Elva er frå før redusert grunna overføringar til Åmela. Turlagets reaksjon på slukeevna er som vanleg; stor slukeevne vil gje ei elv med lite rørysle. Vatnet i elva vil jamnt renne men elvebotnen ligg nok meir urørt og vert difor mindre produktiv. Mengd botndyr i elva vil verte redusert. Ureininga grunna avrenning frå avløp og gjødsel frå landbruket vil verte meir konsentrert når vannmengden vert redusert på den strekningen som har mest tilflytt av næringsstoffer.

Vatnet i restfeltet for Stårheimselva er avbøtande og vil truleg bidra til at elva vil få eit rimelig tilskot av vatn i den strekningen som er røyrlagt, men her må synfaringa gjere klart korhen restvatnet kjem i elva.. Konsesjonssøknaden orienterer om 540 l/s oppstrøms kraftstasjonen. Ved eventuell utbyggjing må kartleggingen av utslepp som reduserer vasskvaliteten i elva gjerast først og tilpasninger gjennomførast, mao rydde opp i ureiningskilder og bestemme seg for regime for gjødselspreiing. Dette vil vere i tråd med vanndirektivet.

Langs elva er det bygd landbruksvegar på begge sider. Her er nærtur område for dei som bur fast her. Elva er det viktige elementet, utbyggjing av Stårheimselva vil gje ei mindre potent vassføring over ein strekning på 2700 m. Truleg akseptabelt når det er grunneigarane sjølve som bygger ut. Restvatnet som kjem vil vere viktig for å ta vare på inntrykket av elva. Elva er livsnerv for (øko) samfunnet. Alle sanser kan berørast av dette vatnet. Eit optimalt bruk av vannressursen vil sikre



økonomiske, biologiske og menneskelege behov. Det er i tråd med bærekraftprinsippet om me hauster av overskotet. Dette gjeld bruk av Stårheimselva vannressurs også! Det kjem generasjonar etter oss og det er greitt at neste generasjon også har moglegheit til å velja i tilstrekkelig biodiversitet. Turlaget v/naturvernutvalet vil tru at ein slukeevne på ca 150% av middelvassføringa t.d. 1700 l/s hadde imøtekomme alle ynskjer. Ein må komme ihug at det allereide er redusert vassføring etter at ca 20% er overført til Åmela.

Når det gjeld anadrom fisk og ål er det nok andre som vil ivareta dei interessene.

Turlaget rår til at søknaden om konsesjon vert innvilga, men med justert slukeevne for å sikre elva sin ”frodighet”.

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Ron Overdevest (sign.). Grinde den 20 august 2015

